



Etter liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124

## Kjøp av tenester - villreinnemnder sekretariat 2020 - 2021 (2023)

Kjøp av tenester – sekretariat *villreinnemnda for Sogn og Fjordane* og sekretariat *villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell*

### Nye villreinnemnder for perioden 2020–2023

Dei statlege villreinnemndene har det offentlege forvaltningsansvaret for villreinbestandane innanfor nærare fastsette villreinområde. Det er ein ansvarleg Fylkesmann for kvart villreinområde. Den nye organiseringa med regionale villreinnemnder starta opp i 2008, og medlemne til nemndene blir føreslege av kommunane og oppnemnde av Miljødirektoratet. Nemnda har funksjonstid som for kommunevalperioden.

Etter kommunevalet 2019 blir det nå vald nye medlemar til dei statlege villreinnemndene, og det skal opprettast nye kontraktar om kjøp av sekretærtjenester. Gjeldande kontrakt vil vare til nytt sekretariat er på plass.

Fylkesmannen i Vestland er ansvarleg for villreinnemnda for Sogn og Fjordane og villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell. Vi ynskjer å inngå avtale om sekretariatsfunksjon for dei to villreinnemndene. Sekretariatet skal førebu og legge til rette for villreinnemnda sin sakshandsaming og møteverksemd, og skal i nær kontakt med ulike aktørar følgje opp sakene til nemnda og ansvarsområde mellom møta. Tilbod kan fremjast av enkeltmannsføretak eller anna registrert føretak, eller i form av frikjøp av arbeidstid for person som har anna hovudarbeidsgjevar, slik som til dømes ein kommune.

Det geografiske ansvarsområde for nemndene og budsjetttramme for sekretariatet er som følgjer:

1. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane omfattar fem villreinområde (vro), Sunnfjord vro, Svartebotn vro, Sunnfjord vro, Vest-Jotunheimen vro og Lærdal/Årdal vro. Budsjetttramme pr år er på inntil 100 000 kroner.
2. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell omfattar Nordfjella vro, Fjellheimen vro og Raudafjell vro. Budsjetttramme pr år er på inntil 225 000 kroner.



Vi ynskjer å hente inn tilbod på kjøp av sekretariatstenester for villreinnemndene for ein periode på to år, med opsjon på ytterlegare to år. Lokalisering av sekretariat vil kunne diskuteras nærare.

### **Kva omfattar sekretærarbeidet ?**

Arbeidet omfattar ansvaret for bestandsforvaltninga i medhald av naturmangfaldlova, viltlova med tilhøyrande forskrifter, og arbeid med å ta vare på leveområda til villreinen i forhold til arealplanlegging, næringsutvikling og anna menneskeleg påverknad og aktivitet. Samarbeid med kommunar og fylkeskommunar i desse sakene er viktig.

Villreinnemndene har samling/møte 2-4 gonger i året, og har oftast eit arbeidsutval til å handsame saker mellom desse. Sekretær førebur sakene og innstiller til vedtak i nemnda.

### **Aktuelle kvalifikasjonar**

Det vil bli lagt vekt på at tilbydarar har natur- og planfagleg kompetanse, samarbeidsevne og evne til sjølvstendig arbeid. Kunnskap om og erfaring frå offentleg forvaltning vil vere ein stor føremon.

### **Val av sekretærløysing**

Tenestekjøpsavtale om sekretariat for villreinnemnda vil bli fastsett av Fylkesmannen i samråd med aktuell villreinnemnd og Miljødirektoratet.

### **Tilbod**

Alle tilbod skal sendast elektronisk til Fylkesmannen i Vestland [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) innan 14. februar 2020.

Følgjande skal vere vedlagt tilbodet:

- CV og relevante attestar
- Firmaattest
- Skatteattest for skatt
- Skatteattest for merverdiavgift
- HMS – egenerklæring (frivillig)
- Egenerklæring løns- og arbeidsvilkår

Tilboda skal vere oppgjeve i tal timar pr år med timepris eks. mva, innanfor oppgjevne budsjettammer. Merkantile kostnader (husleige, kontorhald, telefon/it osv.) skal inngå i tilbodet, men reiseutgifter i samband med oppdraget blir dekka etter statens satsar utanom den fastsette økonomiske ramma, etter førehandsgodkjenning av leiar i villreinnemnda.

Leverandør vil bli vald ut frå ei samla vurdering av dokumentert kompetanse og erfaring, pris, geografisk lokalisering og aktuelle samarbeidsløysingar. Kvalifikasjonskrava er nærare skildra i vedlagt konkurransegrunnlag. Leverandør som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava vil ikkje få sitt tilbod vurdert.



Kontaktperson:

Fylkesmannen i Vestland  
seniorrådgjevar Hermund Mjelstad  
Tlf. 57643124/48143095

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*